



Arkivsaknr: 2025/13853-1
Sakshandsamar: Torkjell Holm Brenna
Avdeling: Veg og VA forvaltning

SAKSFRAMLEGG

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune - mindre endring

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtar å legge ut lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Alver kommune, revidert 21.11.2025, på høyring i perioden fram til kommunestyret.

Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Alver kommune, revidert 21.11.2025. Endringane gjeld presisering av reglar for kombinasjonseigedomar, brukseiningar og driftsbygningar for landbruk, samt mindre språklege justeringar for å tydeleggjere regelverket.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Alver kommune vart sist revidert etter vedtak i kommunestyret 24.11.2022. Forskrifta regulerer korleis gebyra skal reknast ut, og gjeld til ho eventuelt blir endra eller oppheva. Det er ikkje krav om årleg oppdatering, med mindre det oppstår særskilt behov.

Sjølve gebyra blir fastsett årleg av kommunestyret i samband med budsjettprosessen. Denne saka gjeld ikkje gebyrnivået, men forslag til endringar som skal presisere regelverket. Basert på erfaringar har det vore behov for klarare reglar.

Dersom kommunestyret vedtek endringane, blir teksten i den lokale forskrifta oppdatert i samsvar med vedlegg «Forskrift om vass- og avløpsgebyr – versjon 21.11.25».

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kombinasjonseigedomar er eigedomar som inneheld minst éi brukseining til bustad eller fritidsbustad, og minst éi annan brukseining som ikkje er bustad. Denne eigedomstypen har blitt meir vanleg, noko som har ført til spørsmål om korleis gebyret skal fastsetjast for slike bygg. I gjeldande forskrift er kombinasjonseigedomar og næringseigedomar omtalt under same punkt for eingongsgebyr, noko som kan skape tolkingar som ikkje er i tråd med intensjonen.

Forskrifta skil også mellom «brukseining» og «bueining». I matrikkelen er bueining ein spesialtype brukseining som nyttast til bustadformål. Dette skiljet har ført til spørsmål om korleis gebyr skal fastsetjast, særleg for kombinasjonseigedomar som har både bustadbrukseiningar og andre brukseiningar.

Det har vore praktisert at driftsbygningar for landbruk (bygningstype 241 eller 249 i NS 3457) skal betale eingongsgebyr på same nivå som bustad- og fritidseigedomar. Dette har ikkje vore spesifisert i forskrift.

Sakshistorikk

Behov

Det er uheldig at forskrifta kan vere vanskeleg å tolke. Talet på kombinasjonseigedomar er aukande, noko som på sikt kan medføre betydeleg meirarbeid for kommunen og ein utføreseieleg situasjon for utbyggjarar dersom regelverket ikkje er tydeleg.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at ei endring av forskrifta til ein versjon som er enklare å tolke, vil vere positivt for både kommunen, utbyggjarar og innbyggjarar. Praksis for utrekning og innkrevjing av gebyr vil ikkje endrast.

Økonomiske konsekvensar

Endringane har ingen økonomiske konsekvensar. Forskrift tydeleggjer gjeldande praksis og endrar ikkje korleis gebyra blir rekna ut.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Alver kommune, revidert 21.11.2025. Endringane gjer forskrifta tydelegare, presiserer reglar for kombinasjonseigedomar og driftsbygningar for landbruk, og inneheld mindre språklege justeringar. Forslaget endrar ikkje gebyrnivå eller praksis, men reduserer risiko for misforståingar. Vedlegg

- 1 Forskrift om vass- og avløpsgebyr - endringsversjon
- 2 Forskrift om vass- og avløpsgebyr - versjon 21.11.25